

Til:
Ordfører
Rune Landro

Frå:
Line Barmen

Dato: 12.12.2021

Status drift innan Helse og velferd

○ **Heimetenester**

Sjukefråvær:

- Pr no totalt 27 sjukemeldte - langtid, 2 i isolasjon + 2 tilsette i karantene.
Korttidsfråvær i tillegg
- Liten eller ingen tilgang på vikarar.
Tiltak: Overtid 100% eller doble vakter

Status i tenestene:

- Avlysing av praktisk bistand for å bruke heimehjelparane i heimesjukepleie
- Avlysing/utsetjing av oppdrag som til dømes dusj eller andre oppgåver som ikkje er knytt til liv og helse
- Nye søknader om praktisk bistand vert utsett med omsyn til oppstart

Tilgang på smittevernutstyr:

- God tilgang, men stort forbruk av hanskar og munnbind
- Redusert tilgang til hurtigtestar p.t.

Anna:

- Auka arbeidsbelastning for avdelingsleiarar og einingsleiarar for å få drifta til å gå på forsvarleg måte. Vanskeleg å få tak i nok tilsette for å dekke behov for bemanning.

Kommentar frå kommunalsjef:

Det er lagt ut informasjon på heimesida om situasjonen og at tenester kan verte utsett eller ikkje utført. Status og tiltak vert vurdert fortløpande. Prioriterer kontinuerleg kva tenester som må utførast med omsyn til lovpålagde oppgåver

○ **Institusjonar**

- Stort fråvær knytt til karantene og influensa, ikkje mykje knytt til smitta helsepersonell
- Lite tilgang på vikar, mykje bruk av overtid, bemanningsbyrå
- Pasientrelaterte oppgåver kan tidvis verte utsett grunna redusert bemanning
- Krevjande å handtera smitta pasientar ved Øygarden lokalmedisinske senter
- Stor pågang av utskrivingsklare pasientar – krevjande behandling som krev ekstra personell

- Bekymring for karanteneregla. Mange tilsette har ungdommer i huset. Om smitten aukar vil mange av våre tilsette vere i risiko for å gå ut i karantene. Vi klarer ikkje erstatte desse slik det er no.
- Alle utviklingstiltak er sett på vent
- Smittevernustyr ok med unnatak av hurtigtestar
- Auka uro blant pasientar
- Redusert kontakt med pårørande

Kommentar frå kommunalsjef:

Einingane er dyktige og kreative for å løyse oppgåvene slik at brukarane vert best mogleg ivaretatt. So langt vert tenestene levert på forsvarleg nivå. Det vert vurdert nye tiltak med omsyn til besøk ved institusjonar som til dømes registrering; screening og redusert besøk.

- **Tenester til menneske med nedsett funksjonsevne**

- Sjukefråvær om lag 20% - lite tilgang på vikar. Kan i nokre tilfelle føre til uro blant brukarane – avvik knytt til utagerande åtferd har auka deisiste månadene.
- Bruk av overtid er aukande
- Straume arbeidssenter stengt 2 dagar førre veke grunna smitta brukar. Testing av brukarar og personell etter retningsliner. Stengt måndag for brukarar i bufelleskap – heimebuande får tilbod
- Redusert aktivitetstilbod
- Avdelingsleiarane må inn i drifta, spesielt knytt til vernepleie/sjukepleiar oppgåver som medikament handtering.
- Ok med smittevernustyr med unnatak av hurtigtestar

- **Rus og psykisk helse**

- Normal drift tross stort fråvær med unnatak av dagsenter og MO-senter som har redusert opning frå 5-3 dagar i veka
- Koronasmitte på avlasting har vært utfordring men tenesta er oppretthalden

Avsluttande kommentar:

Tenestene er særst presset. Tilsette som er på vakt og leiarar gjer ein formidabel innsats. Vi følgjer situasjonen nøye. Eg er uroa knytt til jul og nyttår knytt til bemanning, og vil gje fortløpande tilbakemelding om stoda og evt naudsynte tiltak.